



JUBILEUMSSESONG: Det er 15 år sidan Vestnorsk Utvandringssenter vart etablert. Det skal markerast med mange aktivitetar. Mellom anna med ein heilt unik happening; eit kurs i amerikansk flintslåing. Flintsmeden Morten Kutschera forklarar og demonstrerer korleis folk i steinalderen laga pilspissar, øksar og andre odd- og eggereiskap av stein i områda som i dag utgjer Norge og Nord-Amerika. (FOTO: VUS)

Spenstig jubileumsmeny

RADØY: Det blir mange godbitar på Vestnorsk Utvandringssenter på Sletta denne sesongen.

ARTHUR KLEIVELAND
arthur@nordhordland.no

Utvandringsfestivalen i sommar blir eit høgdepunkt dette året med 15-års markering av senteret. I tillegg til dei faste programpostane skal sogespelet Amerikafeber framførast i Emigrantlandsbyen og utstillinga om 99. bataljon i den vesle lærarbustaden skal nyopnast. Då kjem også jodlaren Kerry Christensen på besøk.

Utvandringscenterets venner inviterer dessutan til konsert i Emigrantkyrkja under sesongopninga ved senteret i mai.

Migrantar med fjør

Under kulturveken på Radøy i april har senteret eit særskilt tema om fugl på vandring. Utstillinga «Fugleåret: Folketro og fakta» - tresnitt av Amy Lightfoot, i Rådhuset i emigrantlandsbyen. Biologen Nils Rov (NINA) opnar kvelden med foredraget «Migrantar med fjør» på Radøystova i forkant av utstillingsopninga.

–Trekkfuglar fungerer jo som grensdragarar mellom vinter og

vår/sommar og mellom haust og vinter. Trekkfuglar som tema passar godt ved utvandringssenteret - dei kan gje oss assosiasjonar til noko utvidande og grensesprengande, seier avdelingsleiar ved utvandringssenteret Ida Dyrkorn Heierland.

Sende dollar heim

Sesongopninga blir tradisjonen tru i mai. I år kan du bli med Asbjørn Ystebø på ei guida vandring mellom Amerika-gardane på Sletta som vart bygde opp og vidareutvikla av amerikanske dollar utvandarane sende heim.

–Det er interessant å merka seg at eit av amerikahusa nyleg

vart leigd ut til arbeidrarar fra Litauen. Norge er ikkje lenger berre eit land som sender emigrantar ut i verda. Vi er også blitt eit innvandringsland. VUS vil følgja denne utviklinga ved å formidla kultur møte og migrasjonsproblematikk i ein breiare samanheng, seier Heierland.


Avdelingsleiaren inviterer også folk til å ta med gamle amerikabrev eller bilete under sesongopninga. I var startar VUS innsamling av amerikabrev fra Nordhordland.

Vestnorsk utvandringssenter ønskjer å vera ein samfunnsaktor som utfordrar og stimulerer til refleksjon og kritisk tenking. I

juni opnar difor senteret utstillinga «Folket som vandrer. De ingen vil ha» - ei grafikkutstilling av Finn Magnus. Han har vore ute på gata i Oslo og prata med personar fra Romfolket, og kjem sjølv for å fortelja om prosjektet.

Høgdepunkt

Før folk tek ferie håpar Ida Dyrkorn Heierland at dei kastar seg på ein heilt unik happening; kurs i amerikansk flintslåing. Flintsmeden Morten Kutschera forklarar og demonstrerer korleis folk i steinalderen laga pilspissar, øksar og andre odd- og eggereiskap av stein i områda som i dag utgjer Norge og Nord-Amerika.



ANNSLAUG BØRSHEIM: Underheld når Utvandringssenterets Venner inviterer til informasjonskveld for gamle og nye medlemmar i Radøystova 15.mars. (FOTO: Per Finne)



MIGRANTAR MED FJØR: Utstillinga «Fugleåret: Folketro og fakta» - tresnitt av Amy Lightfoot, i emigrantlandsbyen i april. Biolog Nils Rov held foredrag om «Migrantar med fjør».



SAMFUNNSAKTØR: - Vestnorsk Utvandringssenter ønskjer å vera ein samfunnsaktor som utfordrar og stimulerer til refleksjon og kritisk tenking, seier avdelingsleiar Ida Dyrkorn Heierland.